



Pressemelding 23. juli 2021

Alver får 1000 ekstra vaksinedosar

I samband med ei ekstra utdeling av vaksinar har Alver fått 1000 ekstra dosar. – No er det berre å få bestilt seg time til første dose, seier kommuneoverlege Terese Folgerø.

– Etter ein lengre periode utan smittetilfelle har vi fått fleire tilfelle den siste tida. Folkehelseinstituttet har uttalt at det er sannsynleg med auka koronasmitte i Noreg, der deltavarianten vil overta. Vi har nett fått bekrefta at eitt av dei siste smittetilfella i Alver var deltavarianten. Vi reknar med at deltavarianten også vil overta i Alver, fortel kommuneoverlege Terese Folgerø.

Ho minner om kor viktig smitteverntiltaka framleis er, og kva bidrag den enkelte kan gjere.

– Deltavarianten er meir smittsam og kan gi meir alvorleg sjukdom. Bidra til å unngå alvorleg sjukdom og død, ta vaksinsticket ditt i sommar, seier Folgerø.

Bestill time til vaksine

– Vi ønskjer å få vaksinert alle i Alver med dose 1 i løpet av veke 32, før jobb, skule og aktivitetar startar opp att for mange. Vi ber alle som ønskjer vaksine om å prioritere dose 1 no, seier Folgerø.

Alle som bur i Alver og er over 18 år kan no bestille seg time sjølv. Dei som ikkje ønskjer å nytte seg av bestilling på nett, eller har spørsmål om vaksininga kan ringe koronatelefonen på 56 37 59 00.

– Vi har ledige timar for dose 1 både 28. juli, 4. august og 11. august, så det er berre å booke seg time, seier Folgerø.

Fleire unge har fått første stikk

I gruppa 18-24 år har tala for vaksinerte med første dose stige betrakteleg. No har 72 prosent av denne aldersgruppa i Alver fått første vaksinedose.

– Eg må få skryte av 18-24-åringane. Det er flott å sjå at dei tek sin del av samfunnsansvaret, og får vaksinert seg. Vaksinstikka gjer at vi kjem nærare og nærare ein normal kvardag, seier Folgerø.



ALVER
KOMMUNE

Det er gruppa 25-39 år som no har desidert færrast vaksinerte med dose 1. Her har berre 37 prosent fått første vaksinedose.

– Følg opp dei yngste sitt gode eksempel, og bestill time til vaksine, rår Folgerø.